



Inntaksreglement for Strandvik Vekst AS

§ 1. Inntaksreglement:

Inntak av elevar ved Strandvik Vekst AS/Strandvik montessoriskule skal skje etter dei gjeldande reglane i Friskulelova [§ 3-1](#) og inntaksreglementet som er fastsett av styret.

§ 2 Elevinntak:

Alle som innfrir krava for inntak til offentleg skule, står fritt til å søke inntak ved Strandvik Vekst AS jfr Friskulelova §3-1 første ledd. Strandvik Vekst AS/Strandvik montessoriskule har heie landet som inntaksområde.

Styret for skulen avgjer kor mange elevar som skal takast inn seinast ein måned før søknadsfristen for opptak.

Talet på elevar kan ikkje vere høgare enn godkjende elevplassar ved skulen.

Dersom det er fleire søkarar enn skulen har kapasitet til, vil skulen prioritere elevane etter følgjande kriterium:

1. Elevar frå eigen, opprinneleg skulekrets
2. Elevar som har sysken på skulen. Det vert presisert at dette ikkje automatisk garanterer for plass.
3. Born av tilsette.
4. Elevar frå andre skulekretsar i Bjørnafjorden kommune
5. Dersom born er likestilt i forhold til vilkåra i punkt 1-4, blir opptak avgjort ved loddtrekning.

§ 3 Kunngjering av inntak av elevar:

Opptak til skulen kan skje gjennom heile året dersom det finns ledige plassar.

Melding om søknadsfrist og hovudopptak blir kunngjort blant anna gjennom dagspresse og på skulen si heimeside i god tid før søknadsfristen. Hovudopptaket er 15.februar.

§ 4: Handsaming og kunngjering av inntak:

Dagleg leiar fattar enkeltvedtak i samsvar med inntaksreglementet og melder frå om vedtaket til dei aktuelle søkjarane. Vedtaka skal innehalde informasjon om retten til å sjå saksdokumenta.

Melding om inntak skal skje innan 6 veker etter at søknadsfristen er gått ut.

Melding om inntak av elevar blir sendt til heimekommunen

§ 5: Prioritert venteliste:

Som del i inntakshandsaminga blir det utarbeida ei prioritert venteliste som skal leggjast til grunn dersom ein eller fleire som har fått plass likevel ikkje tek imot plassen.

Dersom det i løpet av året vert ledig plass i høve til det totale elevtalet styret har vedteke, skal den prioriterte ventelista leggjast til grunn for nye inntak.

§ 6: Endring av inntaksreglement:

Inntaksreglementet kan endrast av styret, innafor rammene av gjeldande reglar i Friskulelova og vedtektene til skulen. Dette må skje seinast ein månad før søknadsfristen for opptak til Strandvik Vekst.

§ 7: Klage:

Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans ved inntak.

Inntaksreglementet er vedteke i styremøte i Strandvik Vekst AS/Strandvik montessoriskule, 27.01.22, sak 06/22.

Strandvik 27.01.22

Fredrik S. Fotland

Styreleiar

Heidi Baldersheim

dagleg leiar